



Valle Idrottslag

www.valle-il.no | post@valle-il.no

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

Referat styremøte i Valle IL 13.11.17

Desse møtte:

Anne Liv Lidtveit (leiar)

Bjørgulv Sverdrup Lund

Cecilie Haugen

Gunnar Brottveit

Lise Fosså

Vilde Homme

Tarald Myrum (vara)

28/17 Referatsaker/ informasjon

- Sprekleiken – Kan Cecilie og Bjørgulv oppdatere oss på korleis det gjekk.

Bjørgulv og Cecilie orienterte. Det vart eit bra arrangement i år og godt oppmøte. Folk var fornøgde med foredraget.

I år var det ikkje brussal då dette var uønska av nokre foreldre, dette var upopulært hjå andre. Valle IL kan ha eit bevist val på kva me sel på arrangement, men heller ha eit sunt alternativ i staden for å kutte brussalet.

Den som er ansvarleg for kiosken fordeler oppgåvene.

Til neste år treng vi ikkje å rigge til lyd i hallen. Men me må huske å få tak i projektor.

Neste år bør det også lagast eit skriv om kva me forventar av den kjendisen me sender førespørsel til, samt bør me sjå til at den eventuelle vert ivareteken. Det oppstod noko bråk under foredraget som kunne vere forstyrrende, Valle IL må ha ansvar for å gi beskjed til foreldre dersom det trengs.

29/17 Økonomi 2017

- Korleis ligg vi an i forhold til budsjett?

Gunnar orienterte. Vi ligg godt an i forhold til budsjettet.

30/17 Stønad til unge utøvarar

- Sjå vedlagte søknadar frå Elin Uppstad og Aron Åkre Rysstad
- Vi har 25.000,- avsett i budsjettet

Styret vedtek at Elin Uppstad vert tildela 12.500,- og Aron Åkre Rysstad 12.500,-.

31/17 Godgjerung til leiar, nestleiar og kasserar

Styret vedtek at nestleiar og kasserar vert tildela 6.000,-, leiar får 12. 000,- i desember og 2.000,- i januar.

32/17 Søknad om fotballtrening for gut i 1. klasse

- Styret har mottatt søknad frå ein forelder om guten i 1. klasse kan få spele fotball.
- Søknad kjem på møtet

Styret vedtek at søknaden vert godkjent dersom trenaren aksepterer ein til spelar til på laget.

33/17 Reglar i Møykjeromet

- Vi har fått førespurnad om vi har noko fastsett reglement for Møykjeromet. Eg kan ikkje finne noko, og lurar på om vi har? Eventuelt burde vi lage dette?

Det føreligg reglar, desse vert sendt ut til dei som hadde førespurnaden.

34/17 Strategiarbeid i Brokke AS

- Vi er blitt invitert av Brokke AS til å vere med på strategiarbeidet deira, som skal sjå på utviklinga av selskapet og Brokke som destinasjon. Valle IL er sett på som ein viktig aktør for utviklinga av Brokke. Ein ønskjer VIL er med på arbeidet, som skal sparkast i gong med ein strategidag på Sølv garden 22. januar 2018.
- Anne Liv sit i styret i Brokke AS, og har derfor behov for at det er nokon andre enn ho sjølv som er med på dette.

Anne Liv høyrer med Erling Sagneskar.

35/17 Eventuelt

Styret diskuterte lyd i speglerommet, og konkluderte med at det fungerer slik det er i dag.

-Møtet slutt-

Lise Fosså
skrivar